

Håvard Storli og Erika Alnæs
Hordatunvegen 50
5781 Lofthus

12.05.2018

Norges vassdrags - og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsuttale - Søknad om løyve til Opedal Ljosverk i Ullensvang herad i Hordaland

Me viser til søknad frå Opedal Ljosverk, og vil koma med innspel til høyringa. Etter å ha lese søknaden, ser me det som viktig å peika på ein del sider.

I samandraget i søknaden står det at «en samlet vurdering av konsekvensene ved en utbygging av Opedal Ljosverk er **liten negativ**». Dette er me sterkt ueinige i, og vil grunngi kvifor.

Våre motførestillingar gjeld spesielt punkt 3: «Virkning for miljø, naturressurser og samfunn»

Punkt 3.14: «Brukerinteresser»:

I søknaden står det at turistar nyttar turvegen rundt Elvadalen når den er tilgjengeleg frå midten av juni til midten av september. Dette er feil. Lofthus har fleire reiselivsbedrifter: Ullensvang Hotel, Ullensvang Gjestheim, Lofthus camping, Hardanger Hostel (sommardrift på folkehøgskulen), og mange privatpersonar driv Airbnb. Bygda er kjend for fruktbløming, og me ser tilstrøyminga av turistar tilta frå slutten av april. Hotellet sine gjestar ser me nyttar Elvadalen heile året. Me ser òg mange på gjennomreise som parkerer bilar og bubilar ved starten av turvegen.

I søknaden vert det nemnt 13 fotturar som er tilgjengelege i området. Me meiner det er ei merkeleg framstilling å lista opp turar som ligg t.d. i Odda. Det er lite relevant i denne saka. Ein tur frå overnattingsstaden på Lofthus kan ikkje samanliknast med ein tur som startar ein times biltur unna. Det finst fleire turar med utgangspunkt frå Lofthus, men dei aller fleste tek seg opp mot fjellet og er bratte. Turen rundt Elvadalen er ein tur som er relativt flat og ikkje krev god fysisk form.

Når det gjeld dei lokale sin bruk av Elvadalen, kjem ikkje dette fram i søknaden. Turvegen er dagleg i bruk heile året, av alt frå born og unge til gamle. Turvegen frå *sørsida* startar rett ved fotballbanen, og vert òg nytta til trening (det er ein av vegane som har såpass lite stigning at ein kan jogga) og av foreldre/føresette som har born på trening og nyttar ventetida til å gå ein tur sjølv. Idrettslaget UTIL har lagt ut ein postkassetrim med bok inne på brua inst i dalen. Folkehøgskulen har aktive linjer som Hestelinje, Hundelinje, Jaktlinje, Friluftslivslinje og Idrettslinje, som alle nyttar Elvadalen til undervisning og i fritida. Barnehagen ligg ved starten

av vegen på *nordsida*, og nyttar òg Elvadalen. Å anslå talet på brukarar i løpet av eit år, er vanskeleg. Ein kan sjekka i turboka og få ein peikepinn, men på langt nær alle skriv seg inn i boka (gjeld både tilreisande og lokale). Reell bruk av dalen er dobling eller fleirdobling av talet som står i boka.

Elvadalen er eit lågterskeltilbod for friluftsliv i nærområdet. Til tross for delvis opparbeidd og utnyttat areal, framstår naturen som frodig, dramatisk og allsidig, og gir sterke naturopplevingar både til lokale folk og tilreisande. Går ein rundturen frå *sørsida*, er det når ein møter elva, ca 300 m nedanfor der demninga er planlagt og brua over elva er i dag, at storleiken og villskapen i elva slår mot ein. Og det er nettopp her vassføringa vil verta redusert og ein vil sjå demninga med fossane i bakgrunnen. Går ein frå *nordsida*, har ein heile vegen kontakt med elva, både nært og meir fjernt, både visuelt og ikkje minst som ein lydkulisse.

Å tru at naturopplevinga vert ivareteke gjennom utbygginga berre fordi fossane inst i dalen får renna fritt, er kunnskapslaust. Når me opplever, lagar me oss samanhengar. Me nyttar alle sansar og kjensler. Synsinntrykk vert kopla til lyd, lukt, vassrøyk, oppleving av kraft og villskap, det urørte, kjensla av det opprinnelege og evige, og å leva i noko våre forfedre levde i. Difor vil det verta ei så sterk kollisjon i opplevinga med ein 4 m høg og 32 m brei demning. Nedanfor vil det renna ei elv som er delvis temma og nærmast tørrlagt i vinterhalvåret. Berre det å vita at elva er utbygd, vil redusera naturopplevinga, sama kor flott inngrepet er gjennomført. Det er den urørte naturen turistane søkjer, og det er turistar Lofthus, Hardanger og reiselivsnæringa ynskjer velkomen.

Punkt 3.20 «Samlet belastning»:

Her legg tiltakshavarane fram ei liste over verna vassdrag og vassdrag som er utbygt eller søkt om å verta utbygt, -argument som etter deira syn skulle tilseia at søknaden bør godkjennast. Det er nettopp desse argumenta me ser på som grunnar til IKKJE å godkjenna søknaden. No er det så få elver som renn fritt frå fjell til fjord. Kan me ikkje få ta vare på dei få som er att? Det er trist at verna elver, som Opo, har så svakt vern at regulering skal kunne setja vernet til sides!

I samandraget i starten av søknaden, står det at «ingen registrerte, viktige funksjonsområder for fugl blir berørt av det planlagte tiltaket». Det står spesifikt at Fossekall ikkje er registrert i utbyggingsområdet. No veit ikkje me kva som her ligg i omgrepet «registrert», men me har fleire gongar observert Fossekall i elva. Me har sett den både der demninga er planlagt og andre stader der turvegen går nær elva. Mellom anna observerte me to Fossekallar 6. mai om lag 200 m nedanfor der kraftverket kjem. Å hevda at Fossekallen berre nyttar nedre del av elva, er ikkje rett. I tillegg vil me trekka fram at Gråhegre er ein hyppig gjest i nettopp området som vil verta regulert, så noko fisk må det vera i elva.

Sjølv om me har snakka med mange som er i mot utbygginga, skriv me her berre på vegne av oss sjølve. Me har budd på Lofthus i snart 30 år, og går tur dagleg rundt Elvadalen når me er heime. Den eine av oss var friluftslivslærar på folkehøgskulen og nytta området til undervisning i friluftsliv i over 20 år. Etter å ha vorte sjuk for over 7 år sidan, har turen rundt Elvadalen vorte dagens viktigaste gjeremål og gitt ein etterlengta dose friluftsliv og trening. Med over 300 turar årleg dei siste 7 åra, veit eg mykje om bruken av Elvadalen. Uansett vær og føre, er det folk på tur rundt dalen. For oss lokale som går der mykje, gir turen så sterk oppleving av årstidene sitt skifte i elva, og korleis regnskyll og snøsmeltinga på kort tid kan endra vassføringa. Det vil ein ikkje få oppleve på same måte etter ei regulering.

Me har stor forståing for at bøndene ynskjer fleire bein å stå på. Likevel meiner me at den ekstra inntekta av krafta dei vil få, og samfunnsnytta av utbygginga, ikkje står i forhold til det samfunnet og lokalsamfunnet tapar. Me har difor eit stort håp om at søknaden vert avslått.

Hilsen Håvard Storli og Erika Alnæs